

Til kommunestyret i Hareid kommune

FAU ved Hareid ungdomsskule ynskjer å appellera til Hareid kommunestyre. FAU viser til den økonomiske situasjonen i kommunen, der det er lagt opp til innsparingar for sektor læring og kultur. Vi er bekymra for korleis den vil påverke Hareid ungdomsskule? FAU er både bekymra og skeptisk til korleis tiltaka som er vurdert vil ramme skulen. Redusert bemanning, som er eit av tiltaka vil gjere det sårbart for skulen i høve sjukdom og i forhold til å hente inn vikarar med rett kompetanse. Vidare er ein også bekymra for oppseiingar og den generelle utviklinga til våren med bakgrunn i desse tiltaka. FAU syner til at miljøretteleiarane også står i fare for å verte oppsagte, og desse ynskjer ein særleg å verne om på grunn av det psykososiale miljøet på skulen i lys av eit forebyggjande perspektiv.

FAU ved skulen reagerer sterkt på kva konsekvensar det vil få for skulen både på kort og lang sikt. Ein syner til at det vil påverke både elevane sitt skulefaglege tilbod og dei tilsette sin arbeidskvardag på skulen, noko ein vurderer er svært uheldig. Hareid kommune har kome langt på fleire områder knytt til barn og unges oppvekstvilkår med forskjellige tilbod, blant anna med ei stor oppgradering av ungdomsklubben, og vi vurderer at det er viktig at desse tilboda får bestå.

FAU ved Hareid ungdomsskule ynskjer at kommunen skal verne om elevane våre i kommunen på best mogeleg vis. Det er i gjennom å investera i dagens ungdom at vi sikrar oss ei bærekraftig framtid i kommunen. Å kutte stillingar og å ta bort miljøretteleiar- stillingar er ikkje rette vegen å gå i forhold til læringsmiljøet kring elevane og dei tilsette. FAU er bekymra for korleis det vil påverke skulemiljøet og kva ringverknader det vil medføre. FAU er oppteken av psykisk tryggleik blant både elevane og dei tilsette på skulen, men det betingar at det er ein

tilfredsstillande bemanningsnorm på skulen. Det er difor viktig at kommunen prioriterar å gje både elevar og tilsette en god arena med tilstrekkelig ressursar for å sikre eit godt psykososialt og læringsmiljø på skulen.

FAU v/ Hareid ungdomsskule